

Takk for rask og enkel "sakshandsaming" for å få i stand dette møtet.

Emnet er flytebryggjene ved Feste kai.

I motsetnad til ein del andre tiltak og prosjekt i nærliggjande område, vart lovleg prosedyre med sakshandsaming fylgt i saka med flytebryggjene. Dette slik eg har kjennskap til.

Løyve med plassering, storleik og bruk vart gjeve av Lindås bygningsråd.

Plassering var ikkje i samsvar med løyvet frå starten av. Bruken vart også annleis. Seinare har bryggjene vorte endra på fleire gonger. Endringane har auka storleik både i areal og lengd.

Dette har tært på tolmodet for fleire av oss som har naust og båt plass i vika innanfor. Munnleg kontakt med eigar om dette har vore resultatlaus. Ein skriftleg klage på tilhøva til Lindås kommune datert 11.07.07 er framleis ikkje gjeve svar på.

I samband med innspel til den pågåande reguleringsplanprosessen peika me på tilhøvet i vårt skriv datert 17.08.18. Der skreiv me m.a.:

Sitat: *Bryggjer som er monaleg større enn løyvet og som i tillegg har vore feilplassert og brukt annleis enn løyvet frå 1987 tilseier. Forsøk på å få flytta denne har ikkje ført fram. (Skriftleg klage til kommunen står etter 10 år framleis utan svar.)* Sitat slutt.

Dette er ein mild type klage, men den gjer i alle høve kommunen merksam på at tilhøva ikkje er tilfredsstillande. 10 månader seinare 17.06.19 les eg i framlegget til reguleringsplan at.

Sitat: *Mottekne innspel om dette er vidare sendt til byggjesak da planarbeidet ikkje tek stilling til dette men, legg til rette for framtidig bruk.* Sitat slutt.

Framleis har eg ei von om at dette kan løysast på ein sakleg og fornuftig måte utan å nytta overordna instansar eller "lovens lange arm". Men då må saka **opp på bordet** og hansamast på lovleg vis snarast mogeleg.